



TØNSBERG RENSEANLEGG IKS  
Postboks 47  
3166 Tolvsrød

Sakshandsamar::  
Malen Kårstad

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Søybyholmen reinseanlegg

#### Kontrollnummer: 2023.031.I.SFVT

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå Tønsberg Renseanlegg IKS:*  
Jørgen Fidjeland (dagleg leiar)  
Bjørn Dahlen (driftssjef)  
Magne Nygård (driftsoperatør)  
Bente Bergan Undsett (prosessingeniør)

*Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:*  
Malen Kårstad

*Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:*  
Tor Fredrik Holth

*Frå Tønsberg kommune:*  
Siv Elisabeth U. Ervik (ingeniør,  
kommunalteknikk)  
Svenn Erik Røslund (arbeidsleiar, teknisk  
drift)

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Søybyholmen reinseanlegg den 26. april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkta 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Kommunen mangler oversikt over tettbygde strøk.
- Verksemda mangla rutine for jamlege substitusjonsvurderingar.

#### Merknadar:

- Kommunen kan forbetre bruken av avvikssystemet sitt.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

|                 |   |                     |
|-----------------|---|---------------------|
|                 | Malen Kårstad                           | Siv Hege Wang Grøvo |
| Dato 15.05.2023 | kontrollør                              | fagsjef             |
|                 | Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark |                     |

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

|  |                           |
|--|---------------------------|
| <b>Namn:</b> TØNSBERG RENSEANLEGG IKS  |                           |
| <b>Organisasjonsnr.:</b> 974633426   | <b>Eigd av:</b> 942110375 |
| <b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann |                           |

### Kontrollert eining

|  |                                    |
|--|------------------------------------|
| <b>Namn:</b> Søybyholmen reinseanlegg            | <b>Anleggsnr.:</b> 3803.0260.01    |
| <b>Kommune:</b> Tønsberg                         | <b>Fylke:</b> Vestfold og Telemark |
| <b>Anleggsaktivitet:</b> Avløpsnett og -reinsing |                                    |
| <b>Løyve gitt:</b> 20. november 2020             | <b>Sist endra:</b> 3. januar 2022  |

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i , vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Gjeldande utsleppsløyve

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Søbyholmen reinseanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Søbyholmen reinseanlegg innan **01.10.2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Malen Kårstad.

### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. februar 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Søbyholmen reinseanlegg betale eit gebyr på kr 30 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova) og på norskeutslipp.no.

### 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### Avvik 1

Kommunen manglar oversikt over tettbygde strøk

#### Avvik frå:

- Utsleppsløyve 2020.1131.T, vilkår 1.1.

#### Kommentarar:

Kommunen hadde ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk. Det er naudsynt for kommunen å ha oppdatert oversikt over utbreiinga (areal) og storleiken (pe) til tettbygde

strøk. Dette er viktig i høve til kommunen sine oppgåver og plikter på avlaupfeltet når det kjem til myndighetshøver og reinsekapasitet, samt for å utrekne verknadsgrad. Det er òg vesentleg for miljørisikovurderingar å kjenne til utbreiinga og storleiken til tettbygde strøk.

Dersom de har spørsmål til dette temaet viser vi til brev sendt ut 02.03.2023 frå Statsforvaltaren med tittel «Ber om oppdatert informasjon om tettbebyggelser og oversikt over avløpsanlegg».

## **Avvik 2**

Verksemnda mangla rutine for løpande substitusjonsvurderingar.

### **Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5, punkt 7
- Utsleppsløyve 2020.1131.T, vilkår 9

### **Kommentarar:**

Verksemnda plikter å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Det skal utførast løpande vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av kjemikaliar som nyttast av verksemnda, og bytte til meir miljøvenlege kjemikaliar dersom det er tilgjengeleg.

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

- Det kom fram av tilsynet at verksemnda mangla skriftleg rutine for at substitusjonsvurderingar blei gjennomført løpande. Verksemnda plikter å utføre substitusjonsvurderingar og dette skal dokumenterast skriftleg.

## **7. Merknadar**

Vi ga følgjande merknadar under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

#### **Kommentarar:**

Kommunen kan forbetre bruken av avvikssystemet sitt og bør definere tydelegare kva som er avvik. Feil ved leidningsnett som førte til utslepp blei registrert som avvik i internkontrollsystemet. Feil ved leidningsnett som ikkje førte til utslepp blei registrert som driftsmelding. Kommunen bør vere meir tydeleg på kva system dei arbeider i høve til registrering av avvik og driftsmeldingar.

## **8. Andre høver**

Tønsberg kommune står som ansvarleg for utsleppsløyvet til Søybyholmen reinseanlegg per no, sjølv om dei ikkje eig og driftar anlegget. Frå 01.01.2023 overtok Tønsberg Renseanlegg IKS over eigarskap og drift av reinseanlegget, medan Tønsberg kommune eig og drifter leidningsettet til Søybyholmen tettbygde strøk. Tønsberg kommune og Tønsberg Reinseanlegg IKS har vurdert saman at det ikkje var naudsynt å endre kven som stod ansvarleg for utsleppsløyvet. Statsforvaltaren lar utsleppsløyvet stå på Tønsberg kommune

fram til vi eventuelt skal revidere utslippsløyet til kommunen og Tønsberg Renseanlegg IKS. Dette forutsetter at Tønsberg kommune blir satt som ansvarleg eining i databasen Forurensing inntil vidare. Verksemdene må dermed samarbeide om årsrapporteringa ettersom Tønsberg Renseanlegg IKS driftar reinseanlegget, medan Tønsberg kommune driftar leidningsnett.

Tønsberg kommune har frist 21.12.2023 til å vere ferdig med ROS – analyse og tilhøyrande tiltaksplan. Statsforvaltaren påpeikte at kommunen må inkludere resipientvurderingar for alle overlaup og ha rutine for jamleg oppdatere ROS – analyse med tilhøyrande tiltaksplan for leidningsnett og reinseanlegg.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren